

**Fra:** Christine Helgesen Teigland  
**Sendt:** onsdag 21. august 2019 08:48  
**Til:** Kaia Marie Amland; Elisabeth Valdersnes  
**Emne:** SV: Innspel til Lonena områdeplan frå SU Juvikstølen barnehage  
**Vedlegg:** Innspel til områdereguleringsplan for Lonena saksnummer 20145177\_.docx

Hei.

Her kommer innspillet fra Juvikstølen barnehage.

Mvh

**Christine Helgesen Teigland** | Styrar Juvikstølen barnehage

**E-post:** [hech@lindas.kommune.no](mailto:hech@lindas.kommune.no) | **Telefon:** 56375164 / +47 93070983  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Kaia Marie Amland  
**Sendt:** mandag 19. august 2019 12.48  
**Til:** Christine Helgesen Teigland  
**Kopi:** Mona Chatlin Hagewick; [akvamme@hotmail.com](mailto:akvamme@hotmail.com)  
**Emne:** Innspel til Lonena områdeplan frå SU Juvikstølen barnehage

Hei,

Eg har tidlegare forsøkt å kontakte Andres Kvamme angående innspelet til Lonena områdeplan frå SU Juvikstølen barnehage, på mobil og e-post, men ikkje fått kontakt.

Det har skjedd ein teknisk feil med innspelet som vart sendt inn, slik at me dessverre får ikkje opna det. Har de moglegheit til å sende det inn på nytt?

Merk i så fall innsendinga med journalpostnummer 19/20749 og send til følgande e-postar:

[Kaia.marie.amland@lindas.kommune.no](mailto:Kaia.marie.amland@lindas.kommune.no)

[Elisabeth.valdersnes@lindas.kommune.no](mailto:Elisabeth.valdersnes@lindas.kommune.no)

Fint om de kan få sendt over innspelet snarast, då me skal ha gjennomgang av innspela på onsdag 21. august.

Mvh,

**Kaia Marie Amland** | Planleggjar/ rådgjevar

**E-post:** [kaia.marie.amland@lindas.kommune.no](mailto:kaia.marie.amland@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 30  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



## **Innspel til områdereguleringsplan for Lonena, saksnummer 2014/5177.**

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage har drøfta områdeplan for Lonena, og sender her innspel til høyringa.

Juvikstølen barnehage, som ligg rett ved sidan av „Brekkeløypa“, er ein 7-avdelings kommunal barnehage for barn i alderen ca. 1 år – 6 år.

### **Friluftsområda i nærleiken av barnehagen er viktige områder for barnehagen å bevare.**

Juvikstølen barnehage benytter følgjande områder som ein del av tilbodet til barna:

- „Brekkeløyopen“ inklusiv „Brattebakken / BKK-bakken“ og naturstien parallelt med „Brekkeløypa“. Barna nyttar seg av terrenget eit stykke ovanfor Brekkeløypa, der barna får god motorisk trening i ulendt terreng.. Desse områda må kunne fortsette å brukast utan innsyn i hagane til folk.
- „Gamleskulen“, verne stien som går mot „Gamleskulen“. Stien går opp „Brattebakken / BKK-bakken“ og nesten ved vanntårnet tar ein av og går stien på høgre side.
- „Girafftreet“. Dette område blir mye benytta av Juvikstølen barnehage og Knarvik barneskule. Namnet er nok veldig lokalt og vil derfor forklare litt nærmare beliggenheten. For å komme til „Girafftreet“ kryssar barnehagen vegen ved rundkjøringa til barnehagen og følger så stien under kraftlinja. Denne stien går mellom Juvikstølen byggefelt og Brekkeløypa i retning mot Isdal, og på dette strekket finn ein „Girafftreet“. Dersom ein fortsetter litt innover og oppover mot høgre vil ein kunne komme inn igjen på „Brattebakken / BKK-bakken“.
- Barnehagen har ei grillhytte i området mot Gjervik («Karimyra»). Viktig for barnehagen å bevare stien til grillhytten.

### **Argument for at det er viktig for Juvikstølen barnehage å bevare disse friluftsområda:**

- Rammeplan for barnehagar gjev retningslinjer for innhaldet og oppgåvene i ein barnehage. Rammeplanen for barnehagar seier at barnehagen skal bidra til at barna:
  - \*opplever naturen og undring over naturens mangfald*
  - \*opplever glede ved å ferdast i naturen og får grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen*
  - \*får erfaringar med og kunnskapar om dyr og vekstar og deira gjensidige avhengighet og betydning for matproduksjonen*
  - \*får gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider*
  - \*utviklar glede ved å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen*
  - \*får ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring*
  - \*vidareutviklar sin kroppsbeherskelse, grovmotorikk og finmotorikk, rytme og den motoriske kjensleevna*



For å arbeide i retning av dess måla må personalet:

*\* sørge for god planlegging og fleksibel tilrettelegging og utnytting av det fysiske miljøet, og vurdere korleis nærmiljøet kan supplere barnehageareala til ulike årstider*

*\* bruke nærmiljøets ressursar til gode opplevingar og læring som er tilpassa føresetnadene og interessene til barna, og sørge for at barnehagen bidrar aktivt i nærmiljøet*

*\* å bruke nærmiljøet for at barna kan observere og lære om dyr, fisker, fugler, insekter og planter*

*\* ta utgangspunkt i barnas nysgjerrighet, interesser og føresetnader og stimulere dei til å oppleve med alle sansar, observere og undre seg over fenomen i naturen og teknologien*

*\* inkludere friluftaktivitetar og uteleik i barnehagekvardagen (Rammeplanen kap.3)*

- Fokus på folkehelse og turglede er viktige verdiar i Lindås kommune. I «Kvalitetsplan for Oppvekst 2016-2028» i Lindås kommune står det at:

*Ved å ha eit helsefremjande fokus i barnehage og skule kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring hjå barnet. Målet er å styrkja barnehagane og skulane si rolle som helsefremjande og førebyggjande arena, samt redusere sosial ulikskap. Fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst og utvikling hjå barn og unge og viktig for å oppretthalda god funksjonsevne gjennom heile livet. Strategisk arbeid med aktivitet og rørsle i barnehagen er viktig.*

- Fokus på folkehelse er viktig også i heile Norge.

*Skal vi gjøre noe for å forebygge helseproblemer og helseforskjeller, må vi starte med barna der barna er. I skoler og barnehage når vi alle barn, derfor ønsker vi å heve kompetansen om fysisk aktivitet og kosthold i skoler og barnehager. Det er en investering i barnas fremtid (Jonas Gahr Støre – publ. Kunnskapsdep. 3.9.13) .*

Dette synleggjer at det er viktig for Juvikstølen barnehage å jobbe med turglede og bruker friluftsområda i nærleiken til barnehagen. Det er også viktig å kunne ha rom for spontane turar i kvardagen som ikkje krev så mykje planlegging. Dette er noko både personale og foreldre er opptatt av.

Mange av barna er små, og det er derfor av stor betydning å ha friluftsområda tett oppot barnehagen, for å kunne gi barna moglegheit til å ferdast i ulendt terreng. Dette gir best utvikling av grovmotorikken til barna.

### **Trafikk og støy**

Ei utbygging i Lonena, særskild i områda BKB3, BKB4 og BAA, vil medføra ei auke i trafikk og trafikkstøy tett på barnehagen. Vi opplever allereie at kapasiteten til Lonsvegen er nådd og vi meiner kommunen må sikra at Lonsvegen får nødvendig oppgradering og sikring før ei eventuell utbygging i Lonena kan starte.

**Samarbeidsutvalet meiner alle punkta over synleggjer at barnehagen har eit viktig samfunnsansvar med å kunne tilby barna varierte motoriske opplevingar i naturen. Verdiane til Juvikstølen barnehage blir ivaretatt ved bruk av dei friluftsområda vi har lista opp, og det er derfor viktig å prioritere å bevare desse friluftsområda. Ein stor massiv utbygging vil utfordre verdiane våre.**

Med helsing  
Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage

v/leiar Anders Kvamme  
tlf: 91663913  
[akvamme@hotmail.com](mailto:akvamme@hotmail.com)

og v/styrar Christine H. Teigland  
tlf: 56 37 51 60 / 93070983  
[hech@lindas.kommune.no](mailto:hech@lindas.kommune.no)